


Memoar er ein del av
Landslaget for lokalhistorie.
Me bygger no
eit ressurscenter
for munnleg historie
som skal samarbeida
om innsamling, dokumentasjon
og arkivering
av munnleg kjeldemateriale
i samarbeid med frivillige
og profesjonelle innan
kulturvernet i Noreg.



PIONERANE



I 2018/2019 går prosjektet
Krafttak.memoar.no

Samarbeid er initiert i Varanger, Alta,
Hammerfest, Harstad, Orkdal,
Tingvoll, Flora, Lillehammer, Elverum,
Hallingdal, Telemark (Bø) og
Kristiansand.

Målet er samarbeid med frivillige og
profesjonelle over heile landet.

MEMOAR
Pb 417 Marken, 5832 Bergen
post@memoar.no
www.memoar.no

LEVD LIV



Forteljingar om oppvekst,
skulegang, arbeidsliv og fritid, om
store og små hendingar, sorger og
gleder – det er eit grunnelement
i all historie og all kulturvitskap.





Tidlegare var det berre forteljningane til dei aller mest synlege personane som kunne bevarast, og berre det som vart fortald i skriftleg form.

Me som lever no er fyrste generasjon som kan legga etter oss munnlege forteljningar i masseomfang, frå heilt vanlege menneskje.

Memoar – norsk organisasjon for munnleg historie, har som visjon å samabeida med historielag, musé og andre frivillige og profesjonelle verksemder om å bygga opp rike samlingar av munnleg historie i alle kommunar og alle fylke.

Les meir på www.memoar.no

ALLE HAR EI FORTELJING Å DELA

I 2015 etablerte 5 privatpersonar i Bergen den frivillige organisasjonen Memoar, med formålet "å ta vare på og dela munnlege forteljningar om levd liv."

Sidan har utviklinga gått raskt. Det teiknar seg no eit mønster av samarbeid om munnleg hjistorie mellom historielag, bibliotek, musé, forskning - og den internasjonale oral history-rørsla.

Memoar kan bidra med:

Forprosjekt. Dagskurs om planlegging av intervjuinnsamlingar.

Intervjuinnsamlingar: Førebuing. Emneordlister. Utval av kven som skal intervjuast, Gjennomføring av intervjuinnsamlingar. Opplæring til organisasjonar som vil gjera intervjuinnsaminnga sjølve. Kurs om etikk, jus, opphavsrett og ytringsfridom, lyd, lys og bilde, intervjuteknikk og lagring av råstoff.

Digitalisering av gamle opptak.

Dokumentasjon: Produksjon av tekstar og loggar slik at lyd- og videofilar blir søkbare. Opplæring til organisasjonar som vil gjera dokumentasjonsarbeidet sjølv. Redigering av bevaringsverdige kjeldefilar og korte formidlingsfilar.

Infrastruktur: Samarbeidspartnarar kan bli med å dela felles struktur for mellomlagring, redigering, arkivering og publisering av store lyd- og videofilar.



Kvart prosjekt Memoar tar del i får ei nettside, der samarbeidspartnarane kan dela informasjon.ar og planar i prosessen. Seinare kan sida bli offentleg.



Memoar deltar i geografiske prosjekt med fokus på lokalhistorie og lokal kultur - oftast i samarbeid med historielag, musé, kommunar og fylkeskommunar.



Andre prosjekt er tematiske - så som industri, sjøfart, kunstnarliv, motorsykkelminner og krigshistorie. I slike prosjekt er samarbeidspartnarane ofte fagforeiningar, bedriftshistorielag, musé eller næringsorganisasjonar.